



Minnetale over professor Erling Sverdrup Sandmo

halde på møte
17. september 2020

Erling Sandmo

Av Narve Fulsås

Siste gongen eg var saman med Erling Sandmo, var i Berlin i slutten av november i fjor. Me deltok på eit seminar ved Humboldt-universitetet, der Erling snakka om Olaus Magnus' store verk frå 1500-talet om dei nordiske folka. Ein av kveldane var me i Konzerthaus og høyrde Grieg og Brahms. Når eg tenkjer på det i ettertid, er det nesten som eit konsentrat av mykje av det Erling var oppteken av: Tyskland, kunstmusikk og gamle lærdomsverk med utrulege, eller «forbløffande» som han lika å seie, påstandar om kva som finst i verda. Bodskapen om hans alt for tidlege bortgang kom knapt tre månader seinare og kunne ikkje ha vore meir brutal og uventa. Erling fall om i vinterferien, 21. februar 2020, på skitur i Valdres med sambuaren Brita Brenna, ei av døtrene og venninna hennar. Han blei 56 år.

Erling Sverdrup Sandmo blei fødd i Bergen 6. november 1963. Mora er logopeden Tone Sverdrup, faren samfunnsøkonomen Agnar Sandmo, som døydde berre eit halvår tidlegare. Erling vaks opp i Sandviken, som storebror til Sigurd og Inger. Om ungdomsåra skriv han at «jeg spilte fiolin og gjorde ikke så veldig mye annet» (*Hør!*, s. 169). Men så gåverik som han var, kunne han ikkje nøye seg med noko mindre enn det beste, og han gav opp musikanbanen for humanistiske studiar.

Han studerte nordisk, engelsk og historie fram til Cand. Mag. graden i 1988. Etter kvart flytte han til Oslo – Bergen og Brann blei med han. I 1991

blei han Cand. Philol. med hovudfag i historie ved Universitetet i Oslo, på ei avhandling med tittelen *Tingets tenkemåter: Kriminalitet og rettssaker i Rendalen, 1763–97*. Oppgåva kom til innanfor «Tingbokprosjektet» som var leia av Sølvi Sogner. Tittelen på avhandlinga viser at Sandmo ville noko meir enn å rekonstruere lovbroten på basis av dokumentariske rettskjelder. Han ville snarare gjere kjeldene framande; spørje om kategoriane deira var så fortrulege som dei kunne verke, om lovbroten var det same på 1700-talet som i dag, om kva slags former for kunnskap og makt tinget bygde på og var sett til å halde ved like. I dette var Sandmo grunnleggjande inspirert og prega av arbeida til Michel Foucault, og han kom til å bli den fremste norske representanten for Foucault-inspirert historisering av makt og kunnskap og for det som er blitt kalla «den nye kulturhistoria».

I åra 1993–97 var Sandmo doktorgradsstipendiat med arbeidsplass ved Universitetet i Oslo og med undervisning ved Høgskulen i Telemark i Bø. Han var no med i eit nordisk prosjekt om «Normer og sosial kontroll i Norden, ca. 1550–1850». Her kom doktoravhandlinga til; den blei publisert i 1999 under tittelen *Voldssamfunnets undergang: om disiplineringen av Norge på 1600-tallet*. I avhandlinga utfordra han oppfatninga om at samfunnet på 1600- og 1700-talet blei mindre voldeleg og argumenterte for at det heller var omgrepet «vold» og rettssystemets behandling av saker som omfatta vold, som endra seg. Eit av opposisjonsinnlegga blei etterpå trykt i *Historisk tidsskrift*, i ei form der kritikken var blitt radikalisert sidan disputasen.

I eit relativt konservativt fag som bygde sjølvforståinga si på evna til å rekonstruere sannferdige bilete av fortida, var alt som blei assosiert med «postmodernisme» lite velkome. I den såkalla «sannhetsdebatten», som starta med innlegg frå Ottar Dahl, Knut Kjeldstadli og Sandmo på eit instituttseminar, og som seinare blei publiserte i *Historisk tidsskrift* i 1999, tok Sandmo på seg den tillagte rolla som representant for det postmoderne. Han spurte om ikkje det faktumet at me i dag kan sjå kor daterte og situerte eldre tidars «sanningar» er, burde få oss til å tenkje at også våre sanningar ein gong vil bli sett på same måten. Og kva inneber ei slik innsikt for måten å forstå framande oppfatningar og aktørar på? Kva inneber det til dømes å ta på alvor og å forstå aktørar som handla i ei verd full av gudar, ånder og magiske krefter? Sandmo var fleire gonger involvert i diskusjonar om slike spørsmål, men han var ein sjeldan kombinasjon av briljant, omstridd og godt likt av alle og vanskeleg å bruke som skræmebilde. Han var upolemisk, udogmatisk, inviterande og humoristisk – rett og slett ein lysande representant for den fagfornufta han skulle vere ein fare for.

I perioden 1997–2005 var Sandmo institusjonelt knytt til Institutt for samfunnsforskning i Oslo, der han heldt fram arbeidet med rettshistorie. I denne tida leia han mellom anna eit Forskningsråds-finansiert prosjekt om valdens historie (2001–04). Det resulterte i fleire artiklar. Samtidig var han engasjert som ein av to forfattarar av verket *Siste ord: Høyesteretts historie 1814–1965* (2005). Med det utvida han den kronologiske horisonten sin vesentleg, i det han fekk ansvaret for det siste bindet, om perioden 1905–1965. Målet hans var å skrive ei samfunnshistorie om Høgsterett, og Sandmo prioriterte gjennomgåande saker der grensene mellom juss og ikkje-juss er uskarpe. Han skriv om klassiske tema som høgsteretts kompetanse til å prøve stortingslover og forvaltingsvedtak, om rettsoppgjere etter krigen, og om sakene mot forfattarane Agnar Mykle og Jens Bjørneboe. Det samfunns-historiske perspektivet blei halde saman med eit gjennomgåande forsvar for jussens autonomi og domstolens spesifikke verkemåte. Likevel var det eitt grep som fall nokre av institusjonsrepresentantane tungt for brystet; at Sandmo valde å inkludere Den kommissariske høgsteretten (1941–45) i framstillinga si. Det han vann med eit slikt grep, var både å skape ein effektiv unntakskontrast til den rettslege normaltstanden på same tid som han kunne syne at i dei fleste av sakene gjekk rettsarbeidet akkurat som før.

I 2006 blei Sandmo fast tilsett ved Institutt for arkeologi, konservering og historie ved UiO som fyrsteamanuensis; i 2009 fekk han opprykk til professor. Samtidig med universitetsstillinga starta han det tverrfaglege, Forskningsråds-finansierte prosjektet «Power mise-en-scène: Opera, Aesthetics and Politics in the 18th Century» (2006–11). Han skreiv fleire artiklar om opera i det gustavianske Sverige, på same tid som han brukte opera i undervisninga som inngang til transnasjonal overføring av idear og mytiske førestillingar. Arbeidet med teori og faghistorie førte han vidare mellom anna i bøker innretta mot studentar. Han var medforfattar av ei innføringsbok i humaniora for ex fac (*Humaniora: en innføring*, 2008), og var også med på den Fritt Ord-initierte rapporten *Hva skal vi med humaniora?* (2018). For historie skreiv han *Tid for historie* (2015), ei innføringsbok som er omsett til fleire språk. Eit synopsis og prøvekapittel vann i 2011 Universitetsforlaget's pris for beste fagbok.

Som lærar hadde han særleg ansvar for å undervise globalhistorie, og han var ein umåteleg populær førelesar og rettleiar. Han var ein like høgt skatta kollega og ein ressurs på alle måtar for instituttet og universitetet. Med professoropprikket gjekk han rett inn som forskingsleiar (2009–12), deretter som leiar av studieprogrammet i historie (2014–17) og så leiar for doktorutdanninga (2017–19). Han var varamedlem til universitetsstyret i Oslo i 2013 og fullt styremedlem frå 2017. Han blei innvald i akademiet i 2019.

Også nasjonalt tok Sandmo på seg fleire store verv. Han var styreleiar for Forskningsrådets program for kulturforskning (KULFO) i perioden 2003–08 og medlem av Den nasjonale forskningsetiske komiteen for humaniora og samfunnsfag 2011–17. Innimellom hadde han fleire forskingsopphald i utlandet: i Cambridge (2009), i Chicago (2013) og ved Max Planck instituttet for vitskapshistorie i Berlin (2013–14). Frå 2018 blei han så engasjert i to år ved Nasjonalbiblioteket for å vere med å byggje opp eit nytt senter for historisk kartografi. Han var med å skaffe Nasjonalbiblioteket verdas største samling av kart over Norden. Sandmo hadde gjennom arbeidet med globalhistorie blitt interessert i korleis kart konstruerer verda. I 2017 gav han ut *Uhyrlig: sjømonstre i kart og litteratur 1491–1895* og han var med å redigere ei bok om vekslende førestillingar om «verda», «kloden» og «jorda» (*Conceptualizing the World*, 2018). Nasjonalbiblioteket kunne ikkje ha funne nokon som var betre skikka for jobben med kartsenteret, og opninga i 2019, som Erling gjennomførte mellom farens død og gravferd, blei ein stor suksess. Hausten 2019 måtte han bestemme seg for om han skulle vende tilbake til universitetet etter at senteret var på plass og i drift. Han valde da å bli ved Nasjonalbiblioteket og gjekk inn i fast stilling der frå januar 2020.

Det er ufatteleg at ein så aktiv akademikar – og trebarnsfar – dessutan fekk tid til å arbeide så mykje med musikkformidling. Mange vil kjenne Erlings stemme frå radio, som ein fabelaktig leiar av sundagsprogrammet «På sporet» gjennom 15 år, frå 1994 til 2009. Då han måtte avslutte fordi han og familien skulle vere i Cambridge, var det dette han sakna mest. Han skreiv masse om musikk også i aviser, i *Dagbladet*, *Morgenbladet* og *Bergens Tidende*, og han deltok ved tallause festivalar rundt om i landet. Sandmo skreiv alltid godt, men kanskje aldri så godt som når han fekk kombinere musikkformidling med historisk refleksjon og personlege opplevingar. Stubbane hans i *Morgenbladet* er publiserte i samlinga *Hør!* frå 2005, og det er ei skattkiste. Som historikar var Sandmo særleg oppteken av det som er framandt, annleis og «vilt» ved fortida; det som drar seg unna vår forståing. Når han skriv om musikk, prøvar han også ofte å introdusere historisk distanse. Men når han blei begeistra, og det hadde han ei særskilt evne til, måtte han gje seg over; då hadde musikken fått, som han skriv, «en egen tyngde som får historien til å samles i et praktfullt og manende nå. Fortiden eksisterer ikke lenger, det er bare musikken som skjer» (*Hør!*, s. 120).

Me lyser fred over Erling Sandmos minne.